



Tor Ove Rød nærmer seg målet, som er å få byggja hus nummer to på eigedommen sin. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tor Ove Rød i Uskedalen kjem stadig nærmare målet om å få byggja hus nummer to på eigedommen sin. Dette har vore ei langdryg sak som til dømes har vore handsama i forvaltningskomiteen tre gonger. No har han som eit viktig steg fått grønt ljøs for ny avkøyrslø frå riksvegen.

Statens vegvesen presiserar at løyvet berre gjeld for tilkomst til bustad, Frisiktsona skal vera 4 x 140 meter, der fire meter er målt frå vegkant inn i avkøyrslø og 140 meter er sikt i kvar retning. Det skal ikkje vera noko sikhindrande element over ein halv meter i planet mellom avkøyrslø og riksvegen.

Rød opplyser til uskedalen.no at søknaden om byggeløyve vil verte sendt i neste veke og at snikkarane er klare til å starte byggjinga i oktober.

Eit at vilkåra for at han endeleg fekk grønt ljøs av rådmann og politikarar var at det nye huset blir trekt opp i tunet på bruket slik at ein unngår byggjing i strandsona og slik at huset blir ein integrert del av tunet..

Røds ynskje frå starten var å byggja innanfor 100-metersbeltet langs sjøen, men det ville ha vore i strid med det generelle byggje- og deleforbodet i lova. Kommune-administrasjonen sette seg i mot dette og det same gjorde politikarane og miljøvernavdelingen til fylkesmannen.

- Dispensasjon vil føre til at regionale eller nasjonale verdiar vert råke, skreiv avdelingen.

Av Ola Matti Mathisen